



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Vigdis Tveit / 55516208

Vår referanse:  
17/159032-1

Dykkar referanse:

Vår dato:  
27.09.2017

### Krav om matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn til Fv. 410 Manger – Manger kai i Radøy kommune

Vedlagd fylgjer rekvisisjon av oppmålingsforretning for sak utan byggesaksbehandling.

#### Historikk for Fv.410:

Opprinneleg gjekk Fv.410 frå Manger og nedover mot Mangerneset, og kryssa over Mangerspollen på det som i dag er Urhaugvegen, og vidare same trasé som i dag mot Mangerøy. Sist på 1980-talet vart det så bygd ny trasé for den øvre delen, på vestsida av Mangerspollen, noko som medførte at gammal austre del no vart avskoren frå den nye, av ein vinkel av Fv.409 gjennom Manger sentrum. Den vestre delen av Fv.410 vart i 1991 registrert som gnr.45 bnr.229 ved registreringsbrev, og det kan sjå ut for at austre del av Fv.410 vart utegløymd i registreringsprosessen. Vi ønsker no å rette denne mangelen.

#### Eigenerklæring:

Matrikkellova §13 samt forskrift § 23 fjerde ledd gir anledning til å matrikkelføre umatrikulert grunn utan byggesaksbehandling når lovleg oppretting av eigedom kan stadfestast. Vi legg ved opplisting over avleveringar for den opprinnelege fylkesvegen, som viser at dei to aktuelle vegstrekingane vart etablert i åra 1920–28, etter veglova av 1912.

Vidare vert det med dette stadfesta av Statens vegvesen Region vest at Hordaland fylkeskommune org.nr. 938626367 er **aktuell eigar** av grunn til fylkesveg 410 i Radøy kommune.

**Kontaktinstans** for eigar er  
Statens vegvesen Region vest, bedriftsnr. 974744414.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Grenser for vegeigedomen:

Matrikkellova § 10 stiller først og fremst krav til lovleg oppretting, noko som vi meiner er stetta ved eigenerklæring og tilhøyrande dokumentasjon over. Vi meiner vidare at § 10 fjerde ledd punkt b) og c) vil gjelde for denne saka då ingen grenser vert endra ved registreringa, i og med at vegarealet allereie er avgrensa med ulike typar grenselinjer mot alle private tilstøytande eigedomar. Det er heller ikkje snakk om nokon fysiske endringar, men rein registrering av eksisterande offentleg veg. Det er nødvendig å legge inn avgrensing mellom fylkesvegen og dei kommunale vegane Grønåsvegen, Urhaugvegen og kommunal del av Mangersnesvegen.

Unnateke tinglysing:

Vi gjer merksam på at veggrunn ikkje skal innførast i Grunnboka, men berre registrerast i Matrikkelen med dei data som er gitt i eigenerklæring over.

Faktura sendast til:

Statens vegvesen, Regnskap v/ Vigdis Tveit, Pb. 702, 9815 Vadsø

Eigedomseksjonen

Med helsing

Tveit Vigdis  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 3

# Rekvisisjon av oppmålingsforretning

For saker etter matrikkelova som er unntatt frå byggjesaksbehandling


Sak-/journalnr til kommunen

Oppdragsnr.

<b>Matrikkeletat</b>
Namnet på kommunen Radøy

<b>Matrikkeleining</b>
Kn. 1260   Gnr. 45   Bnr.   Festenr.   Seksj.nr.

Sakstype og tilhøyrande vedlegg		Nr. frå - til	Ikkje relevant
<input type="checkbox"/>	<b>Grensejustering (matrikellova § 16, matrikkelforskrifta § 34)</b>		
	Kart som viser rekvirert grensejustering, grenser, nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar.	-	<input type="checkbox"/>
	Partsliste, opplysningar om nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar som vert påverka.	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<b>Klarlegging av eksisterande grenser (matrikellova § 33)</b>		
	Kart som viser eksisterande grense som krevst klarlagd.	-	<input type="checkbox"/>
	Partsliste, opplysningar om nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar som vert påverka.	-	<input type="checkbox"/>
	Dokument som omtalar/etablerer grensa(-ene).	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input type="checkbox"/>
<input checked="" type="checkbox"/>	<b>Matrikulering av eksisterande uregistrert grunneigedom (matrikellova § 13, matrikkelforskrifta § 23)</b>		
	Kart som viser kvar den uregistrerte grunneigedom er lokalisert, grenser, nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar.	1 -	<input type="checkbox"/>
	Partsliste, opplysningar om nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar som vert påverka.	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Dokumentasjon av eigedomsrett.	-	<input type="checkbox"/>
	Søknad om utsett oppmålingsforretning.	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input checked="" type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<b>Matrikulering av eksisterande uregistrert festegrund (matrikellova § 16, matrikkelforskrifta § 23)</b>		
	Kart som viser kvar den uregistrerte festegrunden er lokalisert, grenser, nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar.	-	<input type="checkbox"/>
	Partsliste, opplysningar om nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar som vert påverka.	-	<input type="checkbox"/>
	Dokumentasjon av festerett.	-	<input type="checkbox"/>
	Dokumentasjon på at heimshavar som eigar ikkje har innvendingar om den uregistrerte festegrunden.	-	<input type="checkbox"/>
	Søknad om utsett oppmålingsforretning.	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt	-	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<b>Oppmålingsforretning som fell inn under SAK 10 § 4-3</b>		
	Dokumentasjon (t.d.. partsliste eller annan relevant dokumentasjon)	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<b>Nymerking av eksisterande grensepunkt tidlegare fastsett i oppmålingsforretning / tilsvarende forretning (jf. matrikellova § 35)</b>		
	Kart frå matrikkelen der grensepunkt som krevst nymerka, tydeleg framgår	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<b>Registrering av uregistrert jordsameige (matrikellova § 14, matrikkelforskrifta § 32)</b>		
	Dokumentasjon for å godtgjere at det faktisk dreiar seg om jordsameige.	-	<input type="checkbox"/>
	Kart som viser kvar den uregistrerte jordsameiget er lokalisert, grenser, nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar.	-	<input type="checkbox"/>
	Liste over eigedomar som ein reknar med har eigarpartar i jordsameiget, og eigarpartane deira.	-	<input type="checkbox"/>
	Opplysningar om nabomatrikkeleiningar og eventuelle rettar som vert påverka.	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<b>Uteareal til eigarseksjon (eierseksjonsloven § 7)</b>		
	Søknad om utsett oppmålingsforretning.	-	<input type="checkbox"/>
	Fullmakt.	-	<input type="checkbox"/>



Arm av Fv.410 mellom  
Manger sentrum og Manger kai.  
25.09.2017  
Målestokk 1:4000  
Statens vegvesen

